



Arkoconsult AS
PB. 103
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1374 - 16/12395

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
11.05.2016

Førebels svar - trøng for tilleggsdokumentasjon gbnr 137/188 Alver.

Kommunen viser til søknad om løyve til opparbeidning av infrastruktur mottatt 20.04.2016 og søknad om løyve til etablering av støyskjerm mottatt 05.04.2016. Søknadane vert handsama samla, jf vårt skriv datert 29.04.2016.

Mottakskontroll

Kommunen har gått gjennom søknadane og finn at dei ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknadane vert supplert med følgjande dokumentasjon:

VA-rammeplan punkt 1.5.2

Teknisk drift har gjeve følgjande uttale når det gjeld innsend dokumentasjon for vatn og avlaup på tomta:

Uttale va rammeplan gbnr 137/188.

Det vert vist til vedlegg Q1 i søknad om løyve til opparbeiding av infrastruktur på gbnr 137/188.

På kartvedlegget for vatn og avløp går det ikkje tydelegt fram korleis overvatnet innanfor området skal handterast samt uttak/kapasitet for brannvatn.

Teknisk Drift må ha eit revidert kart som visar uttak for brannvatn samt overvannshåndtering for området i tillegg til vass og avlaupsleidningane før vedtak om godkjenning av Va rammeplan kan gjevest.

Søknaden må supplerast i samsvar med uttale frå Teknisk drift. Godkjend VA-rammeplan må liggja føre før søknaden kan godkjennast, jf punkt 1.5.2.

Masseutskifting og geotekniske undersøkingar punkt 1.4.6 og 1.4.7

Det vart i vedtak datert 21.12.2011 gitt løyve til masseutskifting av området. Arkoconsult AS var ansvarleg sokjar. Det ligg ikkje føre ferdigattest. Før kommunen tek stilling til rekkefølgjekrava i punkt 1.4.6 og 1.4.7 i planen må det gjerast greie for om masseutskiftinga som det er gitt løyve til, er gjennomført og omfanget av arbeidet sett i forhold til rekkefølgjekrava.



Det må gjerast greie for om det er foretatt geotekniske undersøkingar i samband med masseutskiftinga, slik rekkefølgjekravet i punkt 1.4.7 forutset, og korleis masseutskiftinga er utført i forhold til sikring av tilliggande massar mot nord og aust. Gjennomført tiltak må avsluttast med ferdigattest før kommunen kan handsama nye søknadar om tiltak på eigedommen.

Universell utforming

I planen er det fleire bestemmelser som gjeld universell utforming. Dette gjeld både bustadområda sitt ute- og innemiljø, tilkomst mellom felles parkeringsplassar og tilhøyrande bustadområde, og tilkomsten til leikeplassen. Universell utforming må dokumenterast, jf punkt 2.4.1, t.d. stigningsforhold for kjøreveg og gangtilkomst. Tilkomst til leikeområdet må visast på situasjonsplanen.

Støyskjerm

Det må sendast inn målsatt snitt-teikning av støyskjermen.

Anna

Kommunen oppfattar søknaden til ikkje å omfatta planering av areala B1, B2 og B3 i planområdet. Vi ber om tilbakemelding dersom dette ikkje er riktig.

Fristar

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 4 veker, dvs 08.06.2016. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bolig & Eiendom AS

Stølen 26

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Arkoconsult AS

PB. 103

5281

VALESTRANDSFOSSEN

